

# Årsmøtereferat

## Årsmøtet i Telemark sau-og geit, halde 5-6 mars 2011 på Morgedal Hotel.

Årsmøte vart opna av leiaren, Erik H Håtveit med helsinga han skreiv i årsmeldinga “ kjære yrkesvenner”

Aslak Snarteland vart valt til ordstyrar.

### Sak 1. Opprop, godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.

- Utsendingar frå 9 lokallag - 27 med stemmerett
- 4 utan stemmerett.

Innkalling, sakliste og forretningsorden godkjend.

### Sak 2. Underskriving av årsmøtereferat

Til å underskrive årsmøtereferatet vart Bjørg Minnnesjord og Tormod Høiseth valt.

### Sak 3. Årsmelding frå styret og rapportar frå nemnder/utval

Leiar av TSG, Erik H Håtveit presentera årsmeldinga frå Fylkeslaget saman med resten av styret. ( enkelt rapportar). Styret valte og presentere årsmeldinga med hjelp av PowerPoint presentasjon. Årsmeldinga er samansett av det styret har arbeid med samt bakgrunnsinformasjon til sakene henta frå andre kjeder. Dette kunne for enkelte opplevas litt forvirrande og uhandgripeleg.

Dette kom fram i ordskifte:

- Det vart beklaa at for at referat frå styremøte ikkje til ei kvar til har blitt sendt lokallaga.
- Prosjekt for å styrke sauehaldet i fylket bør vurderas. Det er viktig med mobilisering innafor fleire dyreslag i Telemark.
- TSG bør gje innspel til arbeidet med ny landbruksmelding.
- TSG kunne hatt større engasjement generelt sett når ein samanliknar med t.d. WWF, deira medlemstal og gjennomslagskraft.
- Det var litt usemje om det skulle være lov å ha innslag av andre sine artiklar og referat i TSG si årsmelding
- Spæl bør vere ein rase med fargekodar.
- Viktig at TSG var med og skapte ein debattarena for arbeidet med farga spæl
- Uttaler som TSG gjev skal synleggjerast i årsmeldinga og på heimesida
- Arne J Loftsgarden gjekk gjennom årsmeldinga til Telemark Gjetarhundlag.

### Endring i årsmeldinga.

TSG meiner at 3. avsnitt på side 20 skal være “.....Målet må være og halde stamma på bestandsmålet...”

### Voteringar i saka

Forslag frå Svein Arvid Tørre: Avsnitt 3 på side 38 tas ut av årsmeldinga.

16 stemmer for forslaget – 11 stemmer mot.

Avsnittet tas ut.

**Årsmelding frå styret og rapportar frå nemnder og utval vart teken opp til votering og vart samråystes vedteken med dei tillegg som er beskrive.**

#### **Sak 4. Rekneskap og revisorrapport.**

Sekretær, Torhild F Sisjord la fram rekneskap, og gjorde merksam på at revisorrapport ikkje var levert årsmøte. .

Dette kom fram i ordskifte

- Ytring: Årsmelding til alle medlemmar når økonomien er så god som den er pr. i dag.
- Dårleg rente på kontoane –
- Vedtekten for solidaritetskontoen bør med i årsmeldinga. Kunne også ligge på TSG sine heimesider til.

#### Votering i saka

Forslag frå Olav Fjalestad: Solidaritetskontoen vert teken vekk og pengane går til driftskapital.

1 stemme for forslaget – 26 stemmer mot.

Ingen endring av solidaritetskontoen.

*Regnskapet vedtas slik det ligg føre under føresetnad av at revisjonsmelding er på plass pr. dags dato. Det komande styret har fullmakt til å godkjenne dette.*

*Samråystes godkjent.*

#### **Sak 5. Arbeidsplan 2011.**

Torhild F Sisjord presentera styret sitt framlegg til arbeid og tiltaksplan 2010.

- Ynskje om å opprette eit beiteutval – oppgåver t.d. hus/hytter, husdyr/gjering i utmark,
- TSG som organisasjon bør stå i front når det gjeld saker som omhandlar småfe.
- Heimesidene bør reflektere TSG sitt syn i rovvilt og utmarksbeite.
- Forberede ny strategiplan for TSG (gmt 2009-2012). Denne må omhandle beitebruk.
- Nytt punkt i arbeidsplanen: Styrke geitehaldet
- Innspel i forhold til program haustsamlung “ liten og vidsynt” og nyetablerarar. Korleis opplevast prosessen.

#### Votering i saka

Forslag frå Svein Arvid Tørre: Årsmøte gjev det nye styret i oppgåve å arbeide for eit samarbeidsorgan som skal ha som hovudoppgåve å ta seg av beitebruk/rovviltutfordringane i Telemark.

Samråystes vedtatt

***Framlegg til arbeidsplan for styret vart vedtatt med dei tillegg som framkom.***

#### **Sak 6. Budsjett 2011.**

Torhild F Sisjord la fram styret sitt forslag til budsjett

***Framlegg til budsjett vedtatt med dei tillegg som framkom***

## **Sak 7. Val.**

Gunleik Mæland la fram valnemnda si innstilling:

### **Framlegg til styre:**

Leiar	Erik H Håtveit Kviteseid sau og geit	Attval	2011
Styremedlem	Svein A Tørre Aust-Telemark Sau og Geit	ny	2011-2012
"	Kirsti Sandland Tokke sau og geit	ny	2011-2012
Håvard Jønnardalen	Flatdal sau og geit	ikkje på val	2010-2011
Ove Kringlegarden	Vinje og Rauland s&g	ikkje på val	2010-2011

Nestleiar (veljast mellom styremedlemmene): Opp til styret og peike ut nestleiar

### **Varamedlemmer til styret (veljast for eitt år):**

1. Varamedlem	Knut Johan Hvistendahl
2. Varamedlem	Ann Kristin Tekslle
3. Varamedlem	Gunleik Mæland

### **Utsendingar og varautsendingar til NSG sitt landsmøte**

Leiar og nestleiar ev. ein annan i styret

**Revisorar:** Øystein Høgetveit, Vinje -ikkje på val. og Sigrid Nykos Vinje -attval

### **Valnemnd:**

Gunnar Haugo, Rauland 3. år

### **Vedtak:**

*Erik H Håtveit valt til leiar for 1. år*

*Valkomiteens forslag på styremedlem for 2 år Svein Arvid Tørre - samrøystes valt*

*Valkomiteens forslag på styremedlem for 2 år Kirsti Sandland - samrøystes valt*

Forslag frå Gunnar Haugo på vara for 1 år Jon Aslak Austjore – 20 stemmer

Valgkomitéens forslag på vara for 1 år **Knut Johan Hvistendahl** – 7 stemmer

1. vara: **Jon Aslak Austjore – valt med 20 mot 7 stemmer**
2. vara: **Valkomiteens innstilling Ann Kristin Tekslle – samrøystes valt**
3. vara: **Valkomiteens innstilling Gunleik Mæland - samrøystes valt.**

**Revisor for 2 år Sigrid Nykos – samrøystes valt**

### **Valkomité:**

**Olav Rui**                   **2009-2011**

**Marthe Betten**           **2010-2012**

**Gunnar Haugo**           **2011-2013**

**Samrøystes valt**

## **Sak 8. Godtgjersle til styret**

Årsmøtet fatta slikt vedtak:

Forslag frå Tormod Høiseth: Auke leiargodtgjering til 8000,-

17 stemmer for

**Forslag vedtatt**

Forslag frå Olav Fjalestad: 4000,- til kasserer, doble styremedlem (dvs. 2000,-)

20 stemmer for

**Forslag vedtatt**

Utgiftsdekning etter statens satsar.

Forslag: 1. vara får kr 300,- pr. frammøte.

18 stemmer for

**Forslag vedtatt**

Utsendingar til landsmøte

Valkomiteens forslag – 6 stemmer

Erik og Svein Arild Tørre – 19 stemmer

**Erik H Håvæit og Svein A Tørre er Telemark sau og geit sine utsendingar til Landsmøte i TSG**

Møteleiar for Årsmøte 2012: *Aslak Snarteland – Samrøyistes valt*

## **Sak 9. Innkomne saker: / handsaming av uttalar**

Annonseutgifter i samband med gjennomføring av kåringssjå, skal dekkast av fylkeslaget (avlsutvalet).

Bakgrunn for forslaget:

Aust-Telemark Sau og Geit arrangerer kåringssjå saman med Midt-Telemark Sau og Geit, Flatdal Sau og Geit og Hjartdal Sau og Geit på Kleppen gard i Sauland 2. okt. 2010. Dette vart eit vellukka arrangement. 20 sauehaldarar stilte med 127 kåringsslam. Av desse vart 107 kåra. Me solgte fårikål, oksegryte, vaflar, kaffi og brus. Olav Ullern frå landbruksdepartementet var til stades og heldt eit foredrag. Det var oppvisning i bruk av gjetarhund og tippekonkurrans på vekta til 2 værar. Me hadde fine oppslag i avisene både før og etter sjået.

Rekneskapet etter sjået visar eit underskot på kr. 1260,- (sjå vedlegg). Dersom medlemmene i ATSG skal ha hovudansvaret for dette arrangementet framover, såer det naudsynt at lokallaget sitt att med eit lite overskot. Me finn det urimeleg at me både skal jobbe dugnad og betala utgifter av eiga kasse. Me meiner at dette kan løysast ved at fylkeslaget betalar annonseutgiftene i samband med kåringssjåa.

Forslagstillar: Aust-Telemark Sau og Geit

TEKST	INNTEKTER	UTGIFTER
Fårikål		532,00
Oksegryte, vaflar, kaffi + div.		1331,00
Brus		412,00
Vekslepengar		1550,00
Gravering av premiar		300,00
Annonser		3300,00
Innskudd etter sjået	6165,00	
	6165,00	7425,00

Underskot 1260,00

Ingvar Sundvor har ikkje tatt betaling for premiar.

Styret behandla saka på møte 31.01.2011 forslag til vedtak:  
Annonseutgifter i samband med gjennomføring av kåringssjå skal, dekkast av fylkeslaget.  
TSG skal stå for annonseringa i samråd med teknisk arrangør.

***Samrøystes vedtatt***

TSG bør i tillegg til annonsering bidra med pengar til premier. Tas opp på neste årsmøte

*Tormod Høiseth*  
Tormod Høiseth

*Bjørg Minnesjord Solheim*  
Bjørg Minnesjord